

Til  
**Ordfører Eivind Brenna**  
Vestre Slidre kommune

Frå  
**Ketil Rogn-Hamre**  
Kommunestyrerepresentant for MDG

## **Interpellasjon: Klimarekneskap og -budsjett i Vestre Slidre kommune**

Kommunen er ikkje lenger berre ein passiv tenesteleverandør, men skal i tillegg legge føringar for samfunnsutviklinga. Når vi lagar planer til dømes for opplæring, omsorg, integrering, klima og arealbruk, tek vi rolla som *samfunnsaktør*: Gjennom politiske prosessar styrer vi samfunnsutviklinga i ynskt retning.

I vår rolle som samfunnsaktør har kommunen mellom anna eit ansvar for å føre ein aktiv klimapolitikk. Noreg har forplikta seg til Paris-avtalen, og Stortinget har vedteke ambisiøse klimamål: Vi skal kutte 40 prosent i klimagassutsleppa innan 2030, samanlikna med 1990-nivå. Innan 2050 er planen at Noreg skal kutte inntil 95 prosent av utsleppa.

Dersom Vestre Slidre kommune skal få til kutt i klimagassar, må utsleppa bli synlege. Elles er det umogleg å vite om klimaarbeidet går rett veg. Eit effektivt verkemiddel i så måte er ein *klimarekneskap*. Ein slik rekneskap blir lagt fram for kommunestyret årleg saman med den øvrige rekneskapen. Den vil vise kommunen sine utslepp frå kategoriar som energi, transport, bygningar, forbruksvarer og kjøp av tenester, rekna om til CO2-ekvivalentar. På denne måten vil kommunestyret få oversikt over framgangane i klimakutta. Kommunen bør også utarbeide årlege *klimabudsjett*. Dette er ei handlingsplan for klimaarbeidet i kommunen, der tiltak for å kutte i utslepp blir talfesta.

### **Forslag til vedtak:**

1. Vestre Slidre innfører klimarekneskap med start i 2019. Rekneskapen blir lagt fram i samband med kommunerekneskapen og årsmeldinga påfølgjande år. Klimarekneskapen blir utarbeidd enten av kommunen sjølv eller av eksterne aktørar.
2. Vestre Slidre innfører klimabudsjett frå og med budsjettåret 2020. Klimabudsjettet blir handsama av formannskap og kommunestyre samtidig med kommunen sitt øvrige budsjett.
3. Utgifter til kompetanseheving og/eller kjøp av tenester knytt til klimaarbeidet, anslagsvis kr 50 000,-, blir finansiert over driftsbudsjettet.